



Notat

Dato: 14.01.2016
Arkivsak: 2015/11453-18
Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Status for søknad om godkjenning av fagskuleutdanninga Lokal gastronomi

Bergen tekniske fagskole fekk tilsendt utkast til tilsynsrapport frå NOKUT i høve til handsaming av søknad av tilbodet Lokal gastronomi 17.11.2015 (tilsynsrapporten er lagt ved under).

Etter ei vurdering av tilbakemeldinga frå sakkunnigkomité valde Bergen tekniske fagskole å trekke søknaden i staden for å gje eit tilsvarende. Årsaka er at det var større endringar som måtte til i søknaden før ei godkjenning, og NOKUT anbefalte å trekke søknaden. På bakgrunn av dette meiner fagskulen at det er betre å fremje ny søknad 1. mars 2016 enn å vente på eit endeleg avslag i løpet av våren for så å fremje søknad i september 2016.